

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.04.2018

Aud Karin Oen, SV, sette fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt.

Fylkesutvalet ber om at administrasjonen greier ut «hjem-jobb-hjem» etter modell frå Stavanger. Herunder og økonomiske konsekvensar.»

Geir Kjell Andersland, V, sette fram slikt forslag (a) på vegner av V, H, Frp og MDG:

«Alternativ:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune og kommunane elles i Hordaland om kollektivtrafikken.»

Geir Kjell Andersland, V, sette fram slikt revidert forslag (b) på vegner av V, A, H, Frp, Sp, KrF og SV:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune om kollektivtrafikken i Bergen.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen også vera i tett dialog med dei andre kommunane i fylket.»

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med kommunane om kollektivtrafikken.»

Oen endra sitt forslag til eit oversendingsforslag.

Røysting

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst (MDG) og fall.

Andersland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstilleren utan realitetsbehandling.

Vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune om kollektivtrafikken i Bergen.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen også vera i tett dialog med dei andre kommunane i fylket.»